

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 10/2005

Møtedato: 9.2.05

Arkiv nr:

## **Massetak ved Buøddin**

Panoramavegen har feste på massetaket ved Buøddin. I følge kontrakten skal det berre takast ut støypesand her. Kontrakten har no gått ut. Statskog ber om uttale til om kontrakten skal fornyast og kva grenser som eventuelt skal settast for massetaket.

Fjellstyret såg på saka under befaring den 14.6.04.

Statskog skriv i brev datert 22.11.04 følgjande:

*Jeg viser til befaring av grustaket på Buodden sammen med formannen i stølsvegen, Arne Egil Dyvesether 14.06.04. Vi kom da fram til at en hadde nådd den grensa som var satt mot hyttefeste 0543/94/1/236 Holmsen, og vi ble enige om at jeg skulle se nærmere på saken før vi eventuelt fornyet kontrakten med ny oppmerking. Jeg har nå sett gjennom saken og refererer følgende:*

- 20.10.83 Kontrakt opprettet for grustak på Kvålstølen, Rennsenn Kinnholt og Buodden gjeldende for 10 år med rett til fornying såfremt ikke spesielle forhold tilsier noe annet. Vedheftet kartriss viser ca. 45 meter til Holmsens hytte*
- 23.05.86 Brev fra Statskog til stølsvegen om at det ikke skal tas ut mer grus mot hytta eller oppover mot dansesletta og det ble bedt om at j ordmasse skulle kjøres på skråningen slik at det grodde til.*
- 04.06.86 Brev fra stølsvegen om at en burde kunne ta ut grus helt bort til hyttegjerdet.*
- 02.07.86 Brev fra Holmsen der de protesterer på utvidelse mot hytta.*
- 11.07.86 Saken oversendt fjellstyret*
- 25.08.86 Befart, grensa flyttet 8 m til saken er ferdigbehandlet*
- 19.11.86 Fjellstyrets vedtak i sak 5 1/86: Fjellstyret tilrår at grensa flyttes 10 m.*
- 31.07.90 Brev fra Holmsen. Ikke innstilt på flere flyttinger av grensa og ber om planering, tilsåing etc.*
- 31.07.90 Fjellstyrets vedtak i sak 70/90: Mener at grus kan tas ut innfor gjeldende avtale (mindre uttak enn tidligere - sikre gruva mot ukontrollert henting)*
- 11.09.98 Befaring i forbindelse med uttak til Nøsen. Tatt inntil tidligere avtalt grense (55 m til hytta)*
- 03.07.99 Søknad fra stølsvegen om fornyelse av avtalen som gikk ut i 1994 (Buodden og Kinnholt)*
- 05.02.04 Fjellstyrets sak 7/2004 tilrår forslag til fornyelse av avtalen.*
- 14.06.04 Befaring for oppmerking av grustaket i forbindelse med fornyelse av avtalen.*

*I og med at tidligere avtalt grense mot Holmsens hytte er nådd og det i kommunens arealplan pkt 3. 1. står at massetak innlagt på kartet kan nyttes i tråd med de bestemmelser som er knyttet til tidligere godkjenningsvedtak. Mindre avvik må behandles på nytt etter PBL § 93 i. Dette grustaket er vel imidlertid ikke tidligere behandlet av kommunen og må vel ifig. kommuneplanen innom kommunen for enklere behandling ved mindre endringer. For vesenlige endringer kreves godkjent reguleringsplan iflg. Kommuneplanen.*

*Vi må vel da vurdere om det er mer støypesand å ta ut innenfor tidligere oppmerket område, eller om det kan være aktuelt med en mindre utvidelse av grustaket som kan godkjennes ved en enkel behandling i kommunen, eller om det må til en grundigere behandling i kommunen med reguleringsplan etc., eller om grustaket bør nedlegges og tilpyntes.*

*Jeg ber om fjellstyret uttalelse til saken etterat eventuelle merknader er mottatt fra fester av grustaket, Panoramavegen v/Arne Egil Dyvesether, nærmeste støl Kjell Magne Snortheimsmoen og hyttefester J-A Holmsen.*

Holmsen har gjeve følgjande uttale:

*Det har til nå blitt skrevet så meget frem og tilbake om dette sanduttaket. Vi har klaget og protestert fra vår hytte uten at det har gitt noe resultat. Grensene for uttak mot vår hytte er flyttet nærmere og nærmere oss. Det er blitt tatt ut store mengder i alle disse årene, men stoppet vel opp da det ble fastslått i 1986 at sanden ikke egnet seg til "vedlikeholdsgrus for grusveger". Det ble samtidig anbefalt grus fra Buaråne som ville egne seg til dette, men der ble det vel aldri tatt ut noe. Etter det er det blitt tatt ut en stor del støpesand. Store mengder sand til fyllmasse ble også tatt ut til hotellet (Nøsen) høsten 1998. Det skulle jo pyntes opp etter det, men så er ikke skjedd. Riktignok er det pent planert, men det er ikke tilsådd noe og ligger der som et kjempesår i naturen.*

*Vi har lagt inn strøm i vår hytte i år og mener å kunne bruke stedet enda mer i årene fremover. Som gamle hyttefolk på Buodden fra 1939 setter vi veldig stor pris på stedet og naturen rundt oss og vi håper derfor at dette grustaket kan bli stengt, planert og tilsådd snarest mulig. Med andre ord: vi protesterer mot videre uttak av grus og støpesand.*

Kjell Magne Snortheimsmoen har gjeve følgjande uttale:

*Det har vore mykje att og fram om grensene på grustaket på Buøddin dei siste åra.*

*Dei siste åra har det kun vore uttak av støypesand, og det uttaket har også vorte gradvis mindre med åra. Med tanke på det uttaket som er i dag bør det vel ikkje vera behov for noko stor utviding av gruva. Når det gjeld grensene på grustaket vart, det i 1986 frå Statskog si side gjeve utsagn om at det ikkje skulle takast meir innover mot dansesletta.*

*Når det gjeld grensa nedover mot vegen, går grensa pr. i dag nede ved vegen. Denne grensa har vi fleire gonger foreslege kan flyttjast til ovanfor nedre haugen. Grunnen til dette, er at det er gjort fleire graveprøver i denne haugen som har konkludert med at den ikkje inneheld masse som er brukande til grus eller støypesand. Difor meiner eg at grensa godt kan flyttjast ovanfor haugen. I tillegg stiller eg spørsmål om kva som er gjort i forhold til avtale om planering og tilsåing som skulle utførast etter uttak av masse til Nøsen i 1998.*

Panoramavegen gav ikkje uttale til fjellstyret sitt møte.

I sak 54/2004 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Grensene mot Holmsen og Dansarsletta er nådd og det er ikkje att støypesand innanfor fastsette grenser. Fjellstyret finn det ikkje aktuelt å utvide gruva mot Holmsen og Dansarsletta og vil derfor tilrå at festekontrakten ikkje blir fornya. Grusgruva må pyntast opp, såast til og sikrast mot vidare uttak.*

Fjellstyret mottok etter møtet følgjande brev datert 9.12.04 frå stølsvegen:

*Vi viser til orientering frå Statskog av 22.oktober 2004 om grustaket ved Buodden. Stølsvegen Panoramavegen behandla dette i styremøte 8.desember 2004 og ynskjer framleis å bruke grustaket. Dersom dette grustaket blir stengt vil dette være ei stor ulempe for stølseigarar som treng for eksempel støypesand, då dei må kjøre langt for å hente nokre m<sup>3</sup> elles. Styret i Panoramavegen ber difor om at resterande førekomstar av grus blir kartlagt og at grustaket blir oppretthalde. Blant anna bør haugen mot vegen undersøkast om den inneheld meir grus.*

Stølsvegen ber i brev datert 25.1.05 om at fjellstyret tek opp saka til ny vurdering:

*Styret i Panoramavegen var bedt om å kome med kommentarar på ei eventuell nedlegging av grustaket ved Buodden. Svarbrevet kom dessverre ikkje tidsnok til dykkar møte den 8.desember 2004. Formannen i Panoramavegen hadde likevel tatt kontakt med formannen for fjellstyret ei tid før dykkar møte og presentert hovudtrekka til styret i Panoramavegen sitt syn på saka. Vi meiner at fjellstyret sitt vedtak den 8.desember 2004 om nedlegging av grustaket tek ifrå stølsbrukarane ein stor ressurs. Denne ressursen er ein del av bruksretten for stølseigarane og det vil bli ei ulempe for dei om gruva blir stengt. Før eit endeleg vedtak bør også den haugen som ligg ned mot stølen til Snortheimsmoen undersøkast nærare med tanke på eventuell støypesand og kabelgrøftsand. Det har også vore ønske frå hytteigar Holmsen om nedlegging av gruva, men han disponerer vel ca. eit halvt mål som andre tomtefestarar. Styret i Panoramavegen er ueinige i at ein som bygsjar ei hyttetomt kan bandlegge fleire mål med fjellstyret si godkjenning. Vi vil med dette be om at Vestre Slidre fjellstyre tek saka opp til ny vurdering.*

#### **VEDTAK:**

Fjellstyret kan ikkje sjå det ligg føre nye vesentlege opplysningar og opprettheld tidlegare vedtak i sak 54/2004.

Kjell Magne Snortheimsmoen deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Panoramavegen  
Statskog  
J-A Holmsen.  
Kjell Magne Snortheimsmoen